

- Naturen her har sjarmert oss i senk!

27.05.2017



Nina Fløysand(f.v.), Gunn Synnøve Dahl, Ragni Helweg og Linda Tresvik var svært begeistra etter turen i Ulvanåso.

Mellom dei mange som har nytt praktdagane denne langhelga i fjella våre, trefte eg på ein venninngjeng på fire frå Bergen. Dei var nettopp komne ned til bruhaugen over til Hauglandsheio der dei var i gang med uttøyning etter ein nydeleg tur på Ulvanåso. For tre av dei var det første turen i det som stadig oftare vert omtala som dronninga blant fjella våre.

Dei fire var mildt sagt begeistra etter den flotte turoppeleininga dei nettopp hadde hatt. Ei av dei, Gunn Synnøve Dahl, hadde vore med på turlaget sin tur i samband med Festidalen i fjar. Den gongen var det som kjent tåke på toppane, men alt då bestemte Gunn Synnøve seg for at denne turen ville ho oppleva i klarver. Ho fekk verkeleg fullklaff då ho i dag tok med seg venninnene Nina Fløysand, Ragni Helweg og Linda Tresvik på same turen. For desse tre var Ulvanåso eit heilt nytt bekjentskap, og dei spreke Bergensdamene hadde vore til Geitadalstind og Høgetind.

Dei kom til Kvinnherad i går og hadde leigd ei fin hytte i Omvikdalen. Gunn Synnøve Dahl fotalde at ho hadde vore i Kvinnherad også sist helg. Då hadde ho vore med på turlaget sin tur på Folgefonna. Og ikkje nok med det! For 14 dagar sidan hadde Ragni Helweg vore her på tur med familien.

Den hyppige kontakten med Kvinnherad fekk meg til å spørja om dei hadde nokon tilknytning til kommunen.
 - I utgangspunktet har vi ikkje det, men vi får det jo etter kvart. Det er jo unngåeleg! Vi vert jo sjarmert i senk av denne fantastiske naturen. Vi er alt begynt å planleggja neste tur, seier dei fire medan dei ristar litt på slitne bein og er glad for den korte avstanden frå Bergen.

I morgen går turen heim att til Bergen, men før det har dei planar om å besøkja Galleri G Guddal oppe i vakre Guddal. Det vert første gongen dei besøkjer galleriet etter at det flytta dit.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland